

M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 2. mai 2018
TID: kl. 08.00 – 09.20
STAD: Vågsøy rådhus, Formannskapssalen

DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet: Randi Husevåg, nestleiar
Olav Gjesdal, medlem
Klaus Iversen, medlem
Ingolf Bergh, varamedlem

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar

Kommunerevisjonen
i Nordfjord: Torill Monsen, revisor

Vågsøy kommune: Knut Over Leite, rådmann. Delvis i sak 19 og sak 20
Henrik Skovly, økonomisjef. Delvis i sak 19 og sak 20.

Fråfall: Jostein Mykland, medlem
Inger Grethe Dalehamn, leiar – Avbod på møtedag

Møtet var leia av: Randi Husevåg, nestleiar

SAKLISTE

- SAK 14/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 15/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 16/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 17/18 MELDINGAR
- SAK 18/18 SELSKAPSKONTROLL AV NORDFJORD HAVN IKS
- SAK 19/18 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017
- SAK 20/18 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2017

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/18	033	19.04.2018	02.05.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med nestleiareren vert vald Klaus Iversen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/18	049	19.04.2018	02.05.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 13.03.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 13.03.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/18	033&58	19.04.2018	02.05.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vågsøy kommune si heimeside :

https://vagsoy.kommune.no/innsyn_pluss/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Fellesnemnd Kinn kommune:

http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_flora/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Møteprotokollar til gjennomgang

- Kommunestyret 22.03
- Formannskapet 08.03 22.03 19.04
- Helse- og omsorgsutvalet 06.03
- Oppvekst- og kulturutvalet 06.03 22.03

- Ungdomsrådet 25.03
- Valstyret 22.03
- Fellesnemnd Kinn kommune 16.01 12.03 17.04

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/18	033&17	19.04.2018	02.05.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Protokoll frå fellesmøte 13.03.2018 med kontrollutvalet i Flora
2. Frå Kryss revisjon: Prosjektrekneskap Kinn 2017

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/18	217	19.04.2018	02.05.2018	JS

SELSKAPSKONTROLL AV NORDFJORD HAVN IKS

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tingar selskapskontroll med forvaltningsrevisjon på Nordfjord Havn IKS hjå Kommunerevisjonen i Nordfjord.
2. Kontrollutvalt ber revisjonen utarbeide prosjektplan med utgangspunkt i saksutgreiinga og opplysningar som kjem fram ved behandlinga i eigarkommunane sine kontrollutval.

Saksopplysningar

Vi viser til kommunane sine planar for gjennomføring av selskapskontroll i valperioden. Sidan kommunane har overlappende eigarinteresser, har sekretariata og revisjonen drøfta moglege fellesprosjekt.

Våren 2017, hadde SEKOM-sekretariat, Vest Kontroll og Kommunerevisjonen i Nordfjord møte om forvaltningsrevisjonar og selskapskontroll. I dette møtet kom vi til at det truleg er Nordfjord Havn IKS som ligg nærast til å vere eit fellesprosjekt.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har laga eit kort notat datert 2.6.17 om eit moglege fellesprosjekt. Klipp frå notatet:

Aktuelle eigarkommunar

Nordfjord Hamn IKS er p.t. eigd av Eid, Gloppen, Selje, Stryn og Vågsøy. Eid kommune melde seg ut av det interkommunale samarbeidet i desember 2016, jf. kommunestyresak 157/16. I følgje vedtektene for Nordfjord Hamn IKS kan den einskilde samarbeidande kommune seie opp si deltaking i selskapet med eitt års skriftleg varsel, jf. §8-1. Eid sitt eigarskap går etter dette ut ved årsskiftet 2017/2018. Vi vurderer det derfor som lite truleg at Eid har interesse av å delta i dette prosjektet.

Tidspunkt og tidsramme for prosjektet

Tidspunkt for iverksetting av revisjonsprosjektet og tidsramme må sjåast i samanheng med vedtekne planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, kontrollutvala sine prioriteringar og kommune-revisjonens ressursituasjon. Avsetting av tid til prosjektarbeidet må samordnast.

Innsynsrett

Nordfjord Hamn er eit interkommunalt selskap. Dette betyr at kontrollutvalet og revisor har rett til innsyn i alle opplysningar som er nødvendig for å utføre revisjonen.

Revisjonsmetode

Vi legg opp til å gjennomføre revisjonen i samsvar med Norsk Kommunerevisorforbund sin praktiske rettleiar for selskapskontroll.

Sekretariata har drøfta ulike problemstillingar som kan vere aktuelle. Vi er føre oss at prosjektet kan tingast med 2 vinklingar:

Innkjøpsområdet

Innkjøp eit område der både kommunar og selskap ofte har utfordringar. Det er også eit betydeleg økonomisk omfang. Vi skisserer difor ei problemstilling der revisor undersøker om selskapet har gode nok styringsdokument for innkjøpsområdet og om desse vert følgde.

Målsetjingar med selskapet

Mål med selskapet kan vere frå vedtekter, selskapsavtale, andre skipingsdokument og seinare målsetjingar. Kor bevisst og systematisk er selskapet og eigarkommunane i å følgje opp målsetjingane med selskapet? Vi ser føre oss ei problemstilling som etterspør rutinar både hjå selskapet og eigarkommunane for evaluering av oppnåing av måla med selskapet.

Mogelege problemstillingar

1. Har selskapet gode nok styringsdokument for innkjøpsområdet? Vert desse følgde?
 - Er selskapet sin praksis på innkjøpsområdet i tråd med lov og forskrift?
2. Har selskapet og / eller kommunane rutinar for å evaluere oppnåing av måla med selskapet?
 - Kva har kommunane som eigar gjort for å oppfylle måla?
 - Kva har selskapet gjort for å oppfylle måla?

Prosjektplan

Før prosjektplan vert utarbeida vil sekretariata og revisjonen koordinere innkomne innspel i behandlingsprosessen.

Rapport

Vi ser føre oss at selskapskontrollen munnar ut ein felles rapport for alle dei aktuelle kommunane.

I møtet

Ein bør også vurdere tilhøve mellom dagleg leiar - havneerådet og havnestyret om det er mulige misforståingar/konflikter også i høve til gjeldande regelverk for interkommunale selskap og vedtektene.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/18	216	19.04.2018	02.05.2018	IBM

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, ut frå gitte og kjende opplysningar, ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2017.

Vedlegg

Frå revisjonen: Oppsummering i forbindelse med revisjon av kommunens årsrekneskap 2017. Dat. 13.04.2017.

Saksopplysning

I Kommunelova § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdypa i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskrifta) § 6:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor, vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Dette er gjort/vil bli gjort i høve til anbefalingane i rettleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF §11.
Krav her er fulgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF §12.
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit. RF §15.
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.
4. Generelt om revisor si uavhengigheit og objektivitet. RF §§13 og 14.
*Så langt vi har kjennskap til revisor, er han/ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
Revisjonen orienterar munnleg i kontrollutvalsmøtet og skriftleg i kontrollutvalet..
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
*Gjeldande lov og forskrifter vorte lagt til grunn.
Eigen avtale er ikkje inngått, noko som bør vurderast å inngå.*
7. Revisjonsstrategi.
Revisor har utarbeida revisjonsplan. Dei orienterte i kontrollutvalssak 28/17.
8. Nummerert brev. RF §4.
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i året.

9. Mislegheiter. RF §§3 og 4, KF §8.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.
10. Revisjonsmeldinga. RF §5
Revisjonsmelding datert 13.04.2017, ligg føre.
11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF §19, KF §19.
*Revisor har følgd sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
Revisor har brukt sin møterett i kontrollutvalet når han/ho har funne det nødvendig.*
12. Revisor sin opplysningsplikt. RF §20.
Vi har ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Andre opplysningar

Revisor har i revisjonsåret orientert kontrollutvalet om løpande revisjon.

Oppsummering i forbindelse med revisjon av kommunen sitt årsrekneskap 2017 ligg ved.

Revisor vil i møtet gi ei oppsummering av revisjonsarbeidet for 2017.

I møtet

Det var stilt spørsmål om refusjonskrava til NAV, på ca. 2 mill.

Rådmann, revisor og økonomisjef orienterte. Kommunen har no ei 40% engasjementsstilling for denne oppryddinga.

Rådmann og økonomisjef orienterte også om kommunen sin budsjettmodul som ikkje har fungert gjennom året for politiske og administrative budsjettjusteringar. Kommunen har no teke i bruk ein eige dataprogram – arena budsjettkontroll.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/18	212	19.04.2018	02.05.2018	JS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2017

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2017 datert 13. april 2018.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Vågsøy kommune for rekneskapsåret 2017, som består av balanse pr. 31.12.2017, driftsrekneskap som viser kr 359.328.202 til fordeling drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 8.681.648, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter og notar, i dette samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.

Vedlegg

- Revisjonsmelding 2017. Datert 13.04.2018.
- Årsmelding 2017.
- Rekneskap 2017.

Saksopplysning

Grunnlag for kontrollutvalet si behandling er det avlagde årsrekneskapet, revisjonsmeldinga datert 12.04.2018 og den framlagde årsmeldinga.

Revisor og evt. rådmann/økonomisjef vil i møte kunne gi supplerande opplysningar.

Driftsrekneskapen viser kr 359.328.202 til fordeling i drift.
Rekneskapen har avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på
Kr 8.681.648 (Kr 5. 748.070 i 2017).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2017 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapet er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i årsrekneskapet stemmer med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Rekneskapen

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.

Innholdslista finn ein på side 2.

Notane «1 til 16» gir veldig gode forklaringar/informasjon.

Ein gjer merksam på note 16 som gjeld restanse/tap mot NAV.

Årsmeldinga

Årsmeldinga har lesevenleg nivå, gir god informasjon og har flg. inndeling:

1. Generell kommentar
Viser samandrag av rekneskapen og inneheld annan nyttig informasjon.
Det går fram at kommunen har ei økonomi ubalanse og at det er bruk av disposisjonsfond som hindrar eit underskot på rekneskapen for 2017. Auka lånegjeld gjer at situasjonen vert ytterligare forverra i komande år.
2. Kommunen sin økonomiske situasjon
Her vert flg. nærare omtala: Frie inntekter, fond, finansområdet og forbruka til avdelingane.
Sjå spesielt utvikling av låneporteføljen.
Viser elles til årsmeldinga for viktig informasjon.
3. Personal
Legg merke til sjukefråværet som er på 8,1%

Ein viser til kommunelova § 48 nr 5 at det i årsmeldinga skal gå fram kva tiltak som er sett i verk og tiltak som vert planlagt iversett for å sikre trygg kontroll med ein høg etisk standar for verksemda.

Viser her til siste årsmeldinga: Dei etiske retningslinene er gjort tilgjengeleg for dei tilsette og skal følgast av den enkelte.

Avslutning

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2017 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2017.

I møtet

Rådmann og økonomisjef orienterte.

Økonomisjef viste PowerPoint og gav god forklaring. Han gikk bl.a. inn korleis kommunen kan kome ut med greit overskot når både brutto g nette driftsresultat viser stort underskot.

Kontrollutvalet syntes årsmeldinga i år var oversiktleg og lettlest.

Møtet slutt.

Randi Husevåg
Nestleiar

Klaus Iversen
Medlem

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret (skal følgje rekneskapssaka via formannskapet til kommunestyret)
Kommunerevisjonen i Nordfjord
Rådmann til orientering
Ordførar til orientering